



Alle barneverninstitusjonar i Vestland

Saksbehandler, innvalgstelefon

Inger-Lill Dolen Heie, 5557 2111

Når barn på barneverninstitusjon kjem i kontakt med politiet

Barneverninstitusjonar kan unntaksvis tilkalle politi for å handtere ein situasjon som har tilspissa seg, men institusjonen kan ikkje bruke politi til å løyse institusjonens egne oppgåver.

For at vi skal kunne utføre våre tilsynsoppgåver, ber vi om at de orienterer oss når barn på institusjonen har vore i kontakt med politiet.

Om barn i barnevernsinstitusjon har hatt kontakt med politiet, skal institusjonen dokumentere hendinga. På kva måte institusjonen skal dokumentere hendingar der barn har hatt kontakt med politi, kjem an på situasjonen. Dersom det vert utøvd tvang i medhald av heimlane i barnevernslova §§ 10-7 og 10-12, skal det gå fram av protokollen om politiet har vore involvert. Tvangsprotokollar skal sendast fortløpande til oss.

I andre høve ber vi om at institusjonane fyller ut elektronisk skjema «Orientering om at barn har hatt kontakt med politi» og sender inn til Statsforvaltaren i Vestland:

[Orientering om at barn har hatt kontakt med politi - SF \(skjema.no\)](#)

For referansar og utfyllande informasjon viser vi til vår nettside:

[Når barn på barnevernsinstitusjon kjem i kontakt med politi | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Her finn de òg skjema som kan sendast som sikker melding.

Med hilsen

Eva Ekblom
seniorrådgjevar

Inger-Lill Dolen Heie
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent